



Festidalen er like rundt hjørna.

**Festidalen er rett for døra, og denne storhendinga set verkeleg sitt preg på bygda vår. I samband med det har leiinga i Festidalen sendt ut følgjande infoskriv til naboane og bygdefolket elles:**

**Til: Gode naboar og bygdefolk elles**

**Frå: Festidalen**

Til helga brakar det laus på ny, og Festidalenleiinga har litt praktisk informasjon til naboar spesielt og uskedelingar generelt.

Festivalområdet på Dønhaug vert no rigga. Det vert noko trailertrafikk og det er viktig at kryss og vegar opp til Dønhaug ikkje vert blokkert av parkerte bilar. Dette gjeld heilt fram til nedrigg er ferdig ca. onsdag i neste veke.

Fredag ettermiddag og heile laurdag vert det ein del trafikk og mykje vandrane publikum i Uskedalen. Det er ikkje særskilt parkeringsareal for Festidalen, så bilar må stå på vanlege, offentleg tilgjengelege p-plassar.

Det vert høg musikk frå utandørsscena på Dønhaug i tidsrommet ca. kl. 16.00 – 01.00 begge dagar. Natt til søndag ca. kl 01 vert det fyrverkeri på Dønhaug som avslutting på festivalen.

Bussar tek oppstilling i vegen på Kjerlandssido og køyrer publikum heim ca. kl. 01.30 natt til laurdag og natt til søndag. Denne vegen vil også gåande publikum nytte til og frå musikkfestivalen.

Kjerlandssido vert såleis stengt ved Uskedal bru både fredag kveld og laurdag kveld. Oppsitarar langs Kjerlandssido mellom Uskedal bru og gardsbarnehagen slepp forbi, men vi oppmodar sterkt om at alle som kan køyrar Døsslandssido så lenge arrangementa på Dønhaug varar. Mellom ca. kl. 00.30 – 02.00 om natta vert Kjerlandssido heilt stengt frå brua til Myklebustsvingen grunna bussoppstilling. Bussane nyttar avkøyrsla til kalkingsstasjonen som snuplass, så denne plassen må haldast fri for parkering.

Festidalen vil ha god tryggleik for publikum, artistar, frivillige og naboar. Under arrangement med mykje publikum er det vakter til stades, både på arenaen og i nærområdet. I tillegg til frivillige vakter er det innleigd vaktsselskap

og politipatrulje. Om det oppstår uønskete situasjonar undervegs i festivalen kan du ta kontakt med ein av vaktene eller direkte til Festidalen sin vakttelefon (sjå under).

Dette nummeret kan du ringe for å varsle om ting festivalleiinga bør vite om, og som hastar. Dette er ein vakttelefon, og vi ønskjer ikkje spørsmål om billetter, opningstider og slikt til denne telefonen. Det er viktig at denne lina er minst mogleg i bruk i tilfelle akutte situasjonar.

Festidalen er ein brei kulturfestival som set Uskedalen, Kvinnherad og Sunnhordland på kartet. To hundre menneske gjennomfører dette på dugnad utan anna løn enn gleda over å skapa noko som andre kan gle seg over. Det er også mange firma, organisasjonar, grunneigarar og einskildpersonar som bidreg med sponsormidlar, utstyr, løyve og annan hjelp. Vi rettar ein stor takk til dei alle!

Ein musikkfestival som serverer rock med mykje volum gir også nokre ulemper. Det kan ikkje forventast at alle som bur i området skal setja like stor pris på høg musikk og stor trafikk. Festidalen har stor respekt for dette, og vi er svært takksame for at nære og fjerne naboar erause og held ut år etter år utan å kny. Dette er ein viktig innsats for å gjere festivalen mogleg! Særleg dei aller næraste naboane til scene, camp og bussoppstilling kan oppleve naboskapet noko intenst. Vi kan diverre ikkje tilby særleg kompensasjon for desse ulempene, men for dei som vert hardast råka er vi innstilt på å finna gunstige løysingar om dei sjølv ønskjer å vere publikum på Festidalen. Ta i så fall kontakt med ein av oss i festivalleiinga eller send ein e-post til [post@festidalen.no](mailto:post@festidalen.no).

Spørsmål eller tips elles kan også rettast til eit av medlemene i festivalleiinga, gjerne som tekstmelding. Sjå telefonnummer under.

Med helsing Festidalen,  
Una Kolle, mob. 991 55 425  
Margit Lund-Mikkelsen, mob. 911 51 009  
Bjørn Olav Tveit, mob. 472 36 187  
Anbjørn Høivik, mob. 917 05 737  
Vakttelefon 906 38 945 (berre om det verkeleg hastar)

Nett: Thor Inge Døssland